

Representanten **Mona Høgli** (MDG) har stilt slikt spørsmål:

Koronakrisa har gitt oss utfordringar når det gjeld å reise kollektivt. Skyss har oppmoda publikum om å ikkje reise i rushtida og å stå over fulle bussar og bybanevogner. Nokre av dei reisande kan ikkje reise utanom rushtida, dei må stille på jobb til bestemte tider. Men mange av oss kan endre reisetidspunkt. Fleksible billetter er eit tiltak som kan stimulere fleire til å unngå dei tidspunkta med flest reisande.

Billettvala i Bergen er enkeltbillett, dagsbillett eller månadsbillett. Andre byar, som Berlin, har i tillegg kortstrekkebillett og etter-kl-10-billett på dei offentlege transportmidla.

Etter-kl-10-billett er ein billegare månadsbillett der ein kan nytte kollektivtilbodet etter rushet. Slik fordeler dei reisande seg utover morgontimane. For menneskje som bur i nærleik av jobben, kan det vere mogeleg å gå til jobb og ta buss resten av dagen. Andre med fleksible timeplanar eller jobbtimar kjem også godt ut.

I den situasjonen vi er i no, med pandemi og utfordringar med trengsel i kollektivtrafikken, kan slike tiltak vere til god nytte for å unngå smitte. Samtidig vil det kunne gi oss verdifull erfaring med meir fleksibilitet for dei reisande.

Kan det vere aktuelt å innføre slike billettypar også i kollektivtrafikken i Vestland?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Urbanet Analyse har på oppdrag frå kollektivselskapa Kolumbus, Skyss/Kringom, AKT og Brakar vurdert den langsiktige effekten i kollektivreiser som følgje av koronapandemien. I samband med dette vart det gjennomførte ei marknadsundersøking mellom anna i Bergensregionen. Resultata viser at ein kan forventa ein varig nedgang i kollektivreiser i tida framover. Ei tilsvarande undersøking gjennomført av Ruter viser det same i Oslo. Ein varig nedgang i kollektivreiser medfører eit betydeleg inntektsbortfall for kollektivselskapa. Billettinntektene blir reduserte, samtidig som det kan vera vanskeleg å redusera kapasiteten fordi reisande er opptatt av å unngå trengsel. Den auka frykta for smitta og motstand mot trengsel på kollektivtransporten aukar viktigheita av å jobba for å spreia reisene utover døgnet.

Nokre av tiltak som blir vurdert er:

1. Meir fleksible billettslag

Auka bruk av heimekontor bidrar til å redusera grunnlaget for periodebilletter som månadskort fordi arbeidsreiser ikkje lengre blir gjennomført kvar dag. Undersøkinga til Urbanet Anayse tilseier at delen kollektivtrafikanter som vil reisa med periodebillett blir redusert frå 48 til 41 prosent. Av dei som vil endra billettslag seier omtrent halvparten at dei vil nytta einskildbillett, medan den andre halvparten ikkje veit kva billettslag dei vil reisa med. Dette viser potensiale for nye, meir fleksible billettslag. Nokre døme på dette er:

- Kundekort, der trafikantane betaler ein fast kostnad per måned som gir rabatterte enkelreiser
- Capping er eit system som sørger for at trafikanten betaler for det billettslaget som passar best til reisemønsteret
- Klippekort liknande billetter

2. Tidsdifferensierte takstar

Tidsdifferensierte takstar er eit tiltak der takstane blir nytta som instrument for å spreia reisene utover døgnet. Viss prisen er høgare i rushtida enn utanfor rushtida vil dei som har høve til å flytta reisa si utanfor rush ha eit insentiv til å gjera akkurat det.

Før ein kan komma med ei tilråding må fleire forhold greiast ut:

- Kan billettsystemet handtera eventuelle tiltak - viss ikkje må det kartleggast kva utviklingstiltak som må gjerast
- Kva er dei økonomiske konsekvensane av eventuelle tiltak. Både inntekter og eventuelle kostnader må kartleggast
- Vil eventuelle tiltak oppnå ønskt effekt gitt. Det vil seia bidra til å spreia reisene utover døgnet og sikre inntekter
- Er eventuelle tiltak foreinleg med dagens korona situasjon

- Auka bruk av heimekontor som følgje av korona har medført lågare press på kollektivtrafikken i rush, og ein må vurdere om det er trong for å spreia reisene utover døgnet i same grad som før
- Kva tiltak kan setjast i verk på kort sikt og kva vil ta lengre tid å implementera. På kort sikt kan informasjonstiltak vera effektivt for å spreie etterspørselen etter kollektivtransport over døgeret. For eksempel har Skyss no ein kapasitetsindikator der ein kan sjekke om det er fullt og planlegge reisa til andre avgangar om ein kan dette.